

Prop. 8 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Auka låneramme i Husbanken

*Tilråding fra Kommunal- og regionaldepartementet 12. oktober 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet gjer framlegg om å auke låneramma i Husbanken i 2012.

2 Bakgrunn

Husbanken skal supplere kreditmarknaden og gje lån til føremål som er samfunnsøkonomisk og fordelingspolitisk ynskjelege. Låneramma er fastsett av Stortinget i behandlinga av Prop. 1 S (2011–2012). Innanfor låneramma gjev Husbanken lån til barnehagar, startlån til unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden, og grunnlån til oppføring av nye eller utbetring av eksisterande bustader. Bustader som får grunnlån må ha miljø-kvalitetar og vere universelt utforma, vere til sosiale føremål eller sikre bustadbygging i distrikta. Låna i Husbanken er difor viktige for å sikre ei god bustadfordeling i heile landet, for å fremje kvalitetar som miljø og universell utforming, og for å hjelpe unge og vanskelegstilte inn på bustadmarknaden.

Låneramma er på 15 mrd. kr i 2012. På bakgrunn av den høge etterspurnaden etter lån frå Husbanken i 2009 til og med 2011 bad fleirtalet i kommunal- og forvaltingskomiteen regjeringa følge situasjonen nøyne og kome tilbake til Stortinget

med ei vurdering av trøngen for auka låneramme i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2012, jf. Innst. 16 S (2011–2012). Då revidert nasjonalbudsjett blei handsama var det for tidleg å seie noko sikkert om talet på søknadar om lån i Husbanken.

Ei tilstrekkeleg ramme vil gjere Husbanken i stand til å gje fleire lån slik at byggjenæringa kan byggje bustader med gode kvalitetar og gjere det mogleg å byggje fleire nye bustader i åra som kjem.

3 Låneverksemda i Husbanken i 2012

Husbanken gjev grunnlån til utbetring, oppføring og kjøp, startlån og lån til barnehagar.

Grunnlånet skal bidra til å fremje viktige bustadkvalitetar som universell utforming og energisparing i nye og eksisterande bustader. Per 31.8.2012 er det gjeve om lag 7 mrd. kr i grunnlån. Den høge etterspurnaden etter grunnlån har mellom anna samanheng med ein stor aktivitet i byggsektoren i 2012 og låg rente. Den største delen av rammeauken vil difor bli nytta til å dekkje den store etterspurnaden etter grunnlån.

Startlån blir gjeve for å hjelpe dei som slit med å etablere seg i eigen bustad. Det er venta at Husbankens strategiske kommunesatsing vil auke

etterspurnaden etter startlån. Per 31.8.2012 er det gjeve om lag 5,7 mrd. kr i startlån.

Lån til barnehagar blir gjeve til bygging av nye barnehageplassar som er privat eigde. Per 31.8.2012 er det gjeve om lag 0,8 mrd. kr i barnehagelån.

Samla sett er lån på om lag 13,5 mrd. kr belasta låneramma til Husbanken per 31.8.2012. Samstundes ligg det søknader på vent på om lag 6,7 mrd. kr. I tillegg vil det fortsette å kome inn søknader i 2012.

For å legge til rette for framleis høg låneverksemid i 2012 blir det gjort framlegg om å auke låneramma med 5 mrd. kr, frå 15 mrd. kr. til 20 mrd. kr.

4 Økonomiske konsekvensar

Det blir gjort framlegg om at låneramma i Husbanken blir auka med 5 mrd. kr i 2012, frå 15 mrd. kr til 20 mrd. kr, jf. framlegg til romartalsvedtak. Det er ikkje venta endringar i tap på utlån i 2012 og 2013 som følgje av auka låneramme. Det er på bakgrunn av framlegget om auka låneramma i 2012 trøng for å endre løyvingane på følgjande kapittel og postar i 2012.

Kap. 2412 Husbanken

Post 90 Lån frå Husbanken, overslagsløyving

Ikkje alle tilsegn om husbanklån blir utbetalte same år som dei blir gjevne. I budsjetteringa av utbetaling av husbanklån blir det lagt til grunn ein utbetalingsprofil som går over fire år. I saldert budsjett er det lagt til grunn at 45 pst. av låna som får tilsegn i 2012 blir utbetalte i 2012, 23 pst. året etter, 13 pst. det tredje året og 4 pst. det fjerde året. I tillegg blir det lagt til grunn at 15 pst. av låna aldri blir utbetalte. Posten er i revidert nasjonalbudsjett for 2012 budsjettet med 16 132 mill. kr.

Ei auka låneramme vil først kunne bli disponert etter at Stortinget har fatta eit vedtak. Innan-

for den auka låneramma blir det lagt til grunn at færre tilsegn vil bli utbetalte i 2012 enn normal utbetalingsprofil skulle tilseie. For auken på 5 mrd. kr er det anslått at 5 pst. av tilsegna blir utbetalte i 2012 og 63 pst. i 2013. Den største budsjett-effekten kjem difor i 2013. Føresetnadene for utbetaling tredje og fjerde år og fråfall er dei same som for låneramma i saldert budsjett 2012.

Det er berekna at det er trøng for å auke løyvinga på posten med 250 mill. kr i 2012 på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kr.

Kap. 5312 Husbanken

Post 90 Avdrag

Posten er i revidert nasjonalbudsjett for 2012 budsjettet med 9 714 mill. kr. Det er berekna at innbetaling av avdrag vil auke med om lag 1 mill. kr på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kr.

Kap. 5615 Husbanken

Post 80 Renter

Posten er i revidert nasjonalbudsjettet for 2012 budsjettet med 3 862 mill. kr. Det er berekna at renteinntektene vil auke med om lag 1 mill. kr på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kr.

5 Framlegg om endringar

Regjeringa gjer framlegg om å auke låneramma i Husbanken med 5 mrd. kr i 2012, frå 15 mrd. kr til 20 mrd. kr, jf. framlegg om endra løyvingar og framlegg til romartalsvedtak.

På bakgrunn av framlegget om å auke låneramma, gjer regjeringa framlegg om å auke løyvinga for 2012 på kap. 2412, post 90 Lån frå Husbanken med 250 mill. kr til 16 382 mill. kr og på kap. 5312, post 90 Avdrag med 1 mill. kr til 9 715 mill. kr. Regjeringa gjer òg framlegg om å auke løyvinga på kap. 5615, post 80 Renter med 1 mill. kr til 3 863 mill. kr.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
auka låneramme i Husbanken.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om auka låneramme i Husbanken i samsvar med eit vedlagt for-
slag.

Forslag

til vedtak om auka låneramme i Husbanken

I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------|
| 2412 | | Husbanken | |
| 90 | | Lån frå Husbanken, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med | 250 000 000 |
| | | frå kr 16 132 000 000 til kr 16 382 000 000 | |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|-----------|
| 5312 | | Husbanken | |
| 90 | | Avdrag, blir auka med | 1 000 000 |
| | | frå kr 9 714 000 000 til kr 9 715 000 000 | |
| 5615 | | Husbanken | |
| 80 | | Renter, blir auka med | 1 000 000 |
| | | frå kr 3 862 000 000 til kr 3 863 000 000 | |

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gjevne løyvingar***II**

Stortinget samtykkjer i at Husbanken i 2012 kan gje tilsegn om lån for 20 mrd. kr. Låna vil bli utbetalt i 2012 og seinare år.
